



Hardangerrådet iks



Notat studietur for Team Hardanger (TH) 29.-31.08.2023 til Sogn og Fjordane

Besøk på Årdal Teknologipark 29.08.2023:

[Årdal Teknologipark](#) - Finansiert og bygd av Årdal Utvikling og næringslivet.

[Årdal Utvikling](#) / verktøykasse eigd av Årdal kommune

[Ditt Årdal](#) / Tilflyttarprosjekt

Teknologiveka 17.-19.11.2023: for ungdomskular- vgs- teknomedlemmer omdøme/rekruttering;

[SITEP](#) = Senter for Innovasjon Teknologi og Proses

[Øvingsfabrikken](#)

[Sogn kompetanse](#)/Industrifagskule/

[Sogn Opplæringskontor](#) har 200 medlemmer; kjører opplæring i programmering for barnehage til

10ande klasse bl. anna med lego league

Dei har kontor/Møteplass i Teknologiparken.

Frå Gjester i Team Hardanger 30.08.2023

Tonje Bjerkan, [Nordfjordakademiet](#) og Kjetil Svarstad, [Nordfjord Opplæringskontor](#)

Presentasjon og videoar kan du laste ned her: <https://we.tl/t-5gcavvsQmN?>

Dei definerar arbeidet sitt regionalt i alle oppgåver, og definerar Nordfjord for fleirkjernekultur, dvs dei arbeider mot å sentralisere eller arbeide for eit sentrum: "Senterstuktur skal ikkje knekke oss".

Dei er del av "Verktøykasse" til Nordfjord kommunane: akademiet, opplæringskontoret og næringsshagen Inviro. Alt arbeid er alltid regionalt og dei er "Store nok ilag"

Opplæringskontoret har no 12 tilsette, og tilset heile tida, når behovet er der. Dei har færre lærlingar pr ansatt, går mykje tettare på i oppfølging, og dei tek 60% av tilskotet - men dette betalar bedriftene med lettheit, for dei oppnår svært gode resultat.

Konseptet "*Super lærling*" er at ein skal bygge opp status for yrkesfag, og dei har satsa på tett oppfølging med både lærling; bedrift og instruktørar. (litt 24//) - dette fungerer, og dei aller fleste gjennomfører, mange med sær gode resultat. Dei arbeider tverrfaglege og tilset tverrfagleg. Dei har gjort det ufarleg for bedrifter å ta inn lærlingar.

Den tette oppfølginga tek tid og ressursar, men det gjev resultat.

Dei sel ikkje inn - dei har fokus på ungdomane og på kva dei er interessert i.

Det er no stor auke i bedrifter som tek inn lærlingar.

Eit viktig spørsmål er **“Korleis skal regionen vår få varande, berekraftig rekruttering?”**

Nordfjordakademiet vil vere eit kontaktpunkt for dei som vil vere i Nordfjord. Til det treng dei innsyn og har opprette “ALLUMNI” med tanke på langsiktig og berekraftig rekruttering.

Bidragstytarar til dette er dei 5 kommunane; Vlfk; Sparebankstiftinga Nordfjord og Sparebanken.

Prosjektet er 3 år og no finansiert 50/50 samarbeid offentleg/privat næringsliv

Målet er å informera unge innbyggjarar frå barnehagen til ferdig vgs om kva Nordfjord kan tilby. Via allumni held dei kontakt med ungdom frå regionen når dei flyttar/vert vaksne, og har allerede 900 medlemmer. Desse held dei aktivt kontakt med på ulikt vis og informerar om f.eks ledige stillingar. Medlemmene kan også aktivt få hjelp når dei f.eks ønskjer å flytta heim. Det ein ser er at denne tette oppfølging gjev resultat.

Nettverket for yrkesfag, som er blitt kjempestort, er det Nordfjord opplæringskontor som har sådd.

Nordfjordakademiet fokuserar på å knyte kontakt med studentar. Dei er f.eks på besøk på vgs skulane 2 gonger i året. Viktig ikkje å gløyme at dei som går på studiespesialiserande også skal utdanne seg til eit yrke, og dei treng praktiske oppgåver.

På denne måten får elevane også kunnskap om Nordfjord, ikkje berre om verda der ute.

Det er utfordrande for rådgjevarar på skulane, at dei har så små stillingsressursar og gjerne manglar kunnskap om næringslivet lokalt. Akademiet arbeider med korleis dei kan støtta/avlasta skulane, med å gje kunnskap til elevane.

Dei er fortsatt i startgropa for dette store arbeidet, men ser allerede at dei kan starta å serva lokalt næringsliv med å skaffa kandidatar, som det er sterkt behov for.

Mål: “Rekruttering skal vere eit luksusproblem i Nordfjord”

Dei jobbar også med:

- Sosial tilknytning og ulike møteplassar for unge i heile regionen
- [“Jaktar på superkreftene”](#) skuleringsprogram frå barnehage til ferdig vgs via yrkesfag og studiespesialisering.
- Kompetansepilot - kartlegge behov og mobilisera til desentraliserte utdanningar.
- Heia Nordfjord! - framsnakking

INVIRO er ein regional næringshage. Nordfjordakademiet og opplæringskontoret er del av deira verktøykasse.

Kompetanseutvikling bør koplast på verksemda sin strategi og treng struktur og planlegging. (Rekruttering er for seint den dagen du treng dei)

Prosjekt som arbeider med dette: f.eks EU-right skills for the right future - “Mind the gap”

- Ein må definera kompetansebehov tidleg og med framsyn. Deretter definera korleis ein kan utdanna for framtidig behov.

Rollefordeling: Nordfjordakademiet har fått mandat frå alle lokale næringsforeningar til å arbeide med rekruttering på vegne av alle. Dette var starten.

Mennesket er viktigast!

Oppsummering: inspirasjon-samarbeid-entusiasme-menneske-samfunnsansvar

Besøk på PEAK Sunnfjord 31.08.2023:

[Sunnfjord Utvikling](#)

[Vekstregionen Sunnfjord - rapport](#)

[Karrierefestival](#)

[Rekrutteringsforum](#) vedlagt presentasjon frå prosjektleiar Kathe Arnesen

Dette er eit 3 årig prosjekt med midlar frå Vlfk, kommune og næring med mål å rekruttera kompetanse til regionen. Dette er fort også eit tilflyttingsprosjekt med fokus på bu og bli lyst.

Gjennom målretta og strategisk arbeid har dei i dette prosjektet gjennomført mange ulike aktivitetar: Remote Sunnfjord, Kompetanseheving, Trekke til seg kompetanse, Nok kveldstilbuds, Karriere webside; Kampanjen: "Kickstart karrieren din i Sunnfjord"

Stikkord frå studieturen:

- ★ verktøykasse
- ★ privat initiativ
- ★ flinke til å få stønad frå bank og stifting
- ★ regional tankegang
- ★ menneske i fokus
- ★ engasjement
- ★ framoverlent - i fremje rekke i teknologi og utdanning for teknologi
- ★ samarbeider på tvers
- ★ ting heng saman
- ★ prosjektmidlar viktig - men korleis få det over i faste stillingar?
- ★ systematisk og strategiske i sit arbeid, også regionalt
- ★ ambisjonar
- ★ langsiktig plan